

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 20/01931-5
Saksbehandler Ingunn Kile

Høyring - revidering av kommunale mål for hjorteviltforvaltninga i Åseral

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING	03.03.2021	12/21

HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING har behandlet saken i møte 03.03.2021 sak 12/21

Møtebehandling

Rådmannen si innstilling vart samråystes vedteke.

HOVUDUTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLINGS vedtak

I tråd med hjorteviltforskriften 2016-01-08-12 sender Åseral kommune ut forslag til revidering av kommunale mål for hjorteviltforvaltning 2021-2025 på høyring (vedlegg).

Høyringsfristen vert sett til 01.04.2021.

Høyring - revidering av kommunale mål for hjorteviltforvaltninga i Åseral

Rådmannen si innstilling:

I tråd med hjorteviltsforskriften 2016-01-08-12 sender Åseral kommune ut forslag til revidering av kommunale mål for hjorteviltforvaltning 2021-2025 på høyring (vedlegg).

Høyringsfristen vert sett til 01.04.2021.

Vedlegg

Utkast – kommunale mål for forvaltning av hjortevilt i Åseral 2021-2025.

Saken kort fortalt

Kommunale mål for forvaltning av hjortevilt i Åseral kommune 2015-2019 vart vedteken av næringsutvalet 17.02.2015. Det er no tid for å revidere desse måla og lage nye mål for perioden 2021-2025.

Bakgrunn

I tråd med hjorteviltsforskriften § 3 skal «kommunen vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort og rådyr der det er åpnet for jakt på artene. Måla skal m.a. ta hensyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

Måla som vart utarbeidd og vedteke i 2015 bygde på fylkeskommunen sine regionale mål, samt resultat frå beitetaksering og årleg rapport frå Faun Naturforvaltning om hjortevilt i Agder. Ein vil no revidere desse måla. Ein bygger revisjon av måla på regionale mål for hjorteviltforvaltning, årlege rapportar frå Faun Naturforvaltning, samt resultat frå beitetaksering.

Vurdering

Overordna målsetting:

Åseral kommune skal ha biologisk sunne bestander av elg, hjort og rådyr. Bestanda skal vere berekraftige med omsyn til grunnlaget for beite og ikkje føre med seg uakseptable konfliktar med trafikk, landbruksnæring eller friluftsliv. Innafor desse ramma skal elg, hjort og rådyr forvaltas til beste for verdiskaping, lokale jegerinteresser og allmenne naturinteresser.

Bestandskondisjonen og produksjonsevna til elgen skal forbetras slik at jaktutbyttet over tid er stabilt og betydeleg. Hjortebestanden skal auke til en tettleik der hjorten bidreg som eit viktig jaktobjekt over heile kommunen. Produktiviteten til rådyra skal oppretthaldast med ein slik tettleik at rådyret blir eit viktig jaktobjekt i kommunen.

Målsetting oppretthaldes som før.

Delmål:

Jaktorganisering

Oppretthalde strukturen på valda som er i dag og arbeide for å organisere i større einingar. Ein må arbeide for at alle valda i Åseral kan inngå i eit bestandsplanområde som kan drive reell «stammevis» forvaltning. Det er eit mål at innen 2019 skal vere oppretta minst ein bestandsplan for hjort.

Grunneigere som organiserer rettighet til jakt ved slike bestandsplanområder skal ha et reelt og betydelig handlingsrom i forvaltninga av hjortevilt.

Det arbeides med å endre minsteareal for hjort i kommunen fra 15.000 daa til 5.000 daa. Dette vil gjer at fleire av valda kan oppretta eigen bestandsplan for hjort. Ein vil føreslå å endre dette delmålet slik:

Oppretthalde strukturen på valda som er i dag og arbeide for å organisere i større einingar. Ein må arbeide for at alle valda i Åseral kan inngå i eit bestandsplanområde som kan drive reell «stammevis» forvaltning. Det er eit mål at innen 2025 skal alle valda ha eigen bestandsplan for hjort.

Grunneigere som organiserer rettighet til jakt ved slike bestandsplanområder skal ha et reelt og betydelig handlingsrom i forvaltninga av hjortevilt.

Bestandskondisjon

Kondisjonen til elgen skal forbetres i løpet av målperioden. Mål for perioden er at tettheten skal ligge på rundt 0,25 - 0,30 elg sett. pr. dag. Ein skal ha eit gunstig ku/okseforhold på mellom 1,5 og 2 ku pr okse. Slaktevekt for kalv skal auka til 57 kg i perioden.

Alle vald skal forbedre sine rapporteringsrutiner. Valda skal få tilbod om kurs i rapporteringsrutinar. Hjorte- og rådyrbestanden sin høge produktivitet skal oppretthaldast.

Tettheten for elg har gjennom perioden ligget over målsettingen.


Sett elg per jegerdag

Velg visning

Tabell

Graf

JPG




Utslagene her er nok et resultat av at det er innført en ny instruks for rapportering av sett elg. Den forventede økningen i indeksen kan delvis være «kamuflert» av att tettheten av elg tilsynelatende har hatt en svak nedgang de siste 3-4 årene (Faun Naturforvaltning, R003-2020) Ku/okseforholdet har gjennom perioden variert – gjennomsnittlig har det vært innenfor målsettingen (1,86).


Sett ku per okse

Velg visning Tabell Graf

JPG



Slaktevekt for kalv varierer i perioden. Dette pga lite tallmateriale som gir utslag på grafen.



Når det gjeld punktet om at alle vald skal forbedre sine rapporteringsrutiner så ønsker ein å stramme inn dette ytterligere. Valdansvarleg skal innan 14 dager etter jaktas utløp rapportere sett elg og sett hjort til kommunen. Valda må sørge for å opparbeide gode rutiner for dette. Rapportering skal skje via www.hjorteviltregisteret.no eller www.settogsutt.no

Måla for bestandskondisjonen vert videreført for neste periode og følgende vert endra: Kondisjonen til elgen skal forbetres i løpet av målperioden. Mål for perioden er at tettheten skal ligge på rundt 0,25 - 0,30 elg sett. pr. dag . Ein skal ha eit gunstig ku/ okseforhold på mellom 1,5 og 2 ku pr okse. Slaktevekt for kalv skal auka til 57 kg i perioden.

Valdansvarleg skal innan 14 dager etter jaktas utløp rapportere sett elg og sett hjort til kommunen. Valda må sørge for å opparbeide gode rutiner for dette. Rapportering skal skje via www.hjorteviltregisteret.no.

Hjorte- og rådyrbestanden sin høge produktivitet skal oppretthaldast.

Hjortevilt og trafikk

Talet på trafikkdrepne elg og hjort skal i målperioden ikkje overstige 5 % av jaktuttaket. For rådyr skal talet på trafikkdrepne rådyr i målperioden ikkje overstige 10 % av jaktuttaket. Kommunen skal dokumentere og stadfeste trafikkulykker med hjortevilt i det nasjonale Hjorteviltregisteret.

Det har i perioden vært registrert påkjørsel av 2 elg. Ingen av de ble bekreftet trafikkdrepne. Ein vil føreslå å fortsette med same mål som sist periode.

Skadar på skog og innmark

Det låge konfliktnivået mellom hjortevilt og skadar på skog og innmark i Åseral skal oppretthaldast. Eit akseptabelt konfliktnivå er mindre enn 2 hjortevilt i målperioden.

Same mål som sist periode vidareførast.

Hjortevilt som næring

Ein ønsker at det skal tilbydast eit større spekter og omfang av jakttilbod. Jakttilbod med høg grad av

tilrettelegging og fokus på arbeidsplassar og inntening for landbruksnæringa skal aukas. Det skal samstundes vere eit godt tilbod av «tradisjonell bygdejakt» med lågare grad av tilrettelegging – som aktivum for lokalbefolkninga.

Same mål som sist periode vidareførast.

Hjortevilt og biologisk mangfold

Hjortevilitet skal ikkje utgjere noko trussel mot det biologiske mangfaldet. Beiting frå hjorteviltet skal ikkje i utilbørleg grad fortrenge nøkkelartar for biologisk mangfold i skog som t.d. osp, eik, rogn. Dette vert fulgt opp av beitetakseringar ved kvar rullering av dei kommunale måla, så sant ein har tilgjengelege midlar til dette. Åseral kommune bidreg i prosjektet Sørhjort (GPS- merking av hjort i Agder og Telemark).

Innan målperiodens slutt skal alle valda sjølv legge inn data i Hjorteviltregisteret.

Prosjektet Sørhjort er no avslutta. Eigen rapport frå dette er tilgjengelig på nett. Fylkeskommunen har tatt initiativ til å utføre beitetakseringar for heile fylket. Åseral kommune deltek i dette. Det er viktig at kommunen takserer beitet over ein lengre periode for å sjå kva for utvikling dette vil gje for utvikling av hjorteviltet på lengre sikt.

Endring av delmål vert då slik:

Hjorteviltet skal ikkje utgjere noko trussel mot det biologiske mangfaldet. Beiting frå hjorteviltet skal ikkje i utilbørleg grad fortrenge nøkkelartar for biologisk mangfold i skog som t.d. osp, eik, rogn.

Beitetaksering vil gje oss svar på dette. Åseral kommune bidreg i beitetakseringsprosjekt som gjeld for heile fylket.

Innan målperiodens slutt skal alle valda sjølv legge inn data i Hjorteviltregisteret.

Naturopplevingar og rekruttering av jegerar

Hjorteviltjaka skal vere eit høgdepunkt for jegerar og lokalsamfunn. Jakta skal ha stor samfunnsaksept og føre lokale jakttradisjonar vidare. Det skal vere god spreiing i kjønn og alder blant jegerane. Hjorteviltet skal gje friluftsfolket fine opplevingar i naturen.

Same mål som sist periode vidareførast.

Nytt punkt tas inn:

Skrantesjuke/Chronic Wasting Disease – CWD.

Åseral kommune skal bidra aktivt i arbeidet med å bekjempe utviklingen av CWD gjennom spreiing av informasjon og innsamling av prøver.

Økonomiske konsekvensar

Jakt er ein viktig tilleggsnæring for garder i Åseral.

Konsekvensar for barn og unge

Born og unge har moglegheit til å lære lokale jakttradisjonar.

Konsekvensar for klima og miljø

Berekraftig utnytting av naturens ressursar

Konsekvensar for folkehelse

Jakt er folkehelse

Konklusjon

I tråd med hjorteviltforskriften 2016-01-08-12 sender Åseral kommune ut forslag til revidering av kommunale mål for hjorteviltforvaltning 2021-2025 på høyring (vedlegg).

Høyringsfristen vert sett til 01.04.2021.

RETT UTSKRIFT
DATO 4.mars.2021